


# Verknad ved tilbakeføring til LNF-areal i delar av Javnlie

## Utgreiing


Administrasjonen i vil i samband med revidering av arealdelen av kommuneplanen (KPA) vurdere planvask av område som er sett av til fritidsføremål, men som ikkje er bygd ut. Etter ei grundig vurdering vart delar av areal for utbyggingsføremål i kommunedelplanen for Gravfjellsplanen teke ut og tilbakeført til LNF-areal, jf. utkast til revidert KPA. Planvask som dette er eit viktig verkemiddel for å hindre at ubyggd natur blir nedbygd om det er tilhøve som seier at arealet bør ligge urørt.

Samstundes som arealdel av kommuneplanen er under revisjon har også administrasjonen arbeidd med ein revisjon av beitebruksplanen, og i samband med dette har det vore nødvendig å sjå på arealbruken i området Hedalsstølane-Javnlie, kor vi per no ser dei største utfordringane knytt til beitenæring og anna bruk av utmarka. Vurderingane i dette notatet gjeld konsekvensar ved ei eventuell tilbakeføring av utbyggingsområde i Javnlie (Figur 1). Administrasjonen har gjennomført møte med grunneigarar både på Hedalsstølane og i Nørre Javnlie for å diskutere tematikken og problemstillingar rundt dette.

Arealet har ein storleik på om lag 590 dekar. Det er gjort vurderingar på tema innan landbruk, kulturlandskap, naturmangfald, klima, kulturminne og friluftsliv. Arealet består i dag av myr, open fastmark og skog (Figur 2). Det aktuelle området har ikkje fulldyrka eller overflatedyrka jord.



Figur 1. Området som vert vurdert teke ut av planen, på nordsida av vegen (590 daa).




Figur 2. Arealressurskart.

### Landbruk, kulturlandskap og beiting

Øystre Slidre kommune har som mål å ivareta viktige landbruksinteresser. Det aktuelle området har vore ein naturleg del av beiteområdet til omkringliggende stølar, særleg frå Øystre Hedalsstølane (Figur 3). Heimre og Øystre Hedalsstølane er det området i kommunen med størst aktivitet i form av stølsdrift med mjølkeproduksjon. Det er også aktive gardsbruk med besetningar tilhøyrande grunneigarar i Javnlie. Både storfe, sau og geit nyttar området aktivt. Dette er også dokumentert gjennom sporloggar frå beitedyr (Vedlegg 1). Frå eit beiteperspektiv med ynskje om å vareta den aktive stølinga vi har i område Hedalsstølane – Javnlie, vil ei større utbygging av Javnlie potensielt auke konfliktnivået mellom beiteinteresser og anna bruk av utmark.

Vegetasjonskartleggingane gjennomført i 2019 i samband med Beitebruksplanen til Øystre Slidre kommune syner varierende, men relativt god beite kvalitet i områda frå Hedalsstøladn og forbi og rundt Javnlie. Ved ei større utbygging av Javnlie vil dette ha negative konsekvensar for beitet i det aktuelle området, men også mogleg fortrenging av beitedyr frå kringliggjande område om trafikken blir for stor.





Figur 3. Øystre Hedalsstølane

### Trafikk og ferdsel

Ei utbygging av det om lag 590 dekar store området vil auke trafikken i området. Biltrafikken i Javnlie vil ikkje ha utprega negative konsekvensar for beitebruk på nordsida av vegen, men blir fyrst eit tema når dyra kryssar vegen i Javnlie. Av areal som no er avsett til framtidig utbygging i Javnlie kan det potensielt kome om lag 365 nye hytte/bueiningar. Området som no vert vurdert tilbakeført til LNF kan romme om lag 100 einingar. Dette vil påverka omfanget av biltrafikk inn og ut av området.

For ein bustad reknar ein 3,5 bilturar per eining per døgn når ein skal rekne ut årleg døgntrafikk (ÅDT). For private fritidsbustader og som berre vert nytta i delar av året, kan vi gå ut frå at tal turar i gjennomsnitt per døgn vil vere ein del lågare. Legg vi til grunn i gjennomsnitt 0,7 turar per eining per døgn får ein ÅDT på 70 for dette området. Går ein ut frå 1,5 turar per døgn får ein ÅDT på 150.

### Friluftsliv

Det aktuelle området er ikkje eit typisk utfartsområde, då ein må lengre inn i fjellet for å nå fjelltoppane. Det er ikkje markerte stigar i området, men det kan vere eit rekreasjonsområde for nærfriluftsliv for deltidsinnbyggjarane i Javnlie. Eksisterande vegnett er det som blir brukt mest. Det som er hovudtrekket her, er syklande og gåande til Beitostølen, gjennom Hedalsstølane. Kartlegginga av friluftsliv/nærmiljø som vart gjennomført tidlegare i år, synte lite registreringar inni området, og heller områderegistreringar for eit større areal. Vi veit folk nyttar vegen mot Vestre Javnlie, og følgjer stigen over til Øystre Hedalsstølane både med sykkel og til fots for å kunne kome seg til Beitostølen. Dette kom også fram av kartlegginga. Ein konsekvens av utbygging av aktuelt område i Javnlie vil vere auka ferdsel gjennom beiteområda mellom Javnlie og Beitostølen.

**Skiløyper:**

Det er eit godt etablert skiløypenett i kommunen. For området mellom Heimre Kjølstølen og Beitostølen ser løypenettet slik ut:



*Figur 4. Skiløypenett*

Det vert køyrt ei løype som går gjennom området:




*Figur 5. Skiløype gjennom og langs aktuelle område*

## Naturmangfald

Området er ikkje kartlagt og vi har difor ikkje kjennskap til om det kan vera truga arta eller naturtypar, utvalde naturtypar eller naturtypar av stor KU-verdi i området. Om området blir liggande inne i planen som framtidig fritid, må det gjennomførast naturkartlegging før området kan regulerast og ev. byggast ut. Variasjonen av myr, ope fastmark og bjørkeskog som pregar området i dag, gir godt grunnlag for eit variert mangfald av artar.


Per dags dato er det ikkje forbod mot nedbygging av myr, men det er varsla frå myndigheitene at det kan kome eit nasjonalt forbod mot nedbygging av myr. Det er noko myr i området (Figur 6), og med arealdelen til kommuneplanen som legg opp til at ein skal unngå så langt som rå å bygge på myr, vil dette arealet vere lite eigna til utbygging. Å hindre nedbygging av myr skal vere eit tiltak for å redusere klimagassutslepp. I tillegg til å halde på CO<sub>2</sub> har også myra ei betydning for naturmangfaldet. I arbeidet med kommuneplanens arealdel har administrasjonen aktivt teke ut utbyggingsområde som inneheld myr. Ved å tilbakeføre arealet til LNF-areal vil ein bidra til å redusere utbygging av myr. Ved ein reguleringsplanprosess må vi rekne med at myrområda ikkje vert nytta til utbygging, nok som reduserer det tilgjengelege utbyggingsarealet til om lag 440 dekar. Ved ei regulering av dette området må ein, gjennom ei konsekvensutgreiing gjere utrekningar på klimaeffekten ved å bygge ut myrene. For å rekne ut effekten vil det vera naudsynt å gjennomføre djubdemålingar av myra i området.



Figur 6. Myrkart.

Eit alternativ til å tilbakeføre heile arealet til LNF-areal kan vere å behalde dei delane av området som ikkje rører ved store myrområde (Figur 7). Dette gir ein storleik på ca. 22,5 dekar og tal einingar vil reduserast til om lag halvparten.






Figur 7. Alternativt forslag til utbyggingsområde nord for vegen i Javnlie, med ein storleik på omlag 222,5 dekar

### Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor utbyggingsområdet. Det er registrert to kolgroper på andre sida av vegen, men det er ikkje av betydning for utbyggingsområdet.

### Vilt

I området rundt Javnin er det registrert eit hekkeområde for hønsfugl (orrugl, lirype, fjellrype). Ved å bygge ut det omlag 590 dekar store området i Javnlie, vil dette gi negative konsekvensar for hønsfuglbestandane. Dei nyttar store områder, og ved å bygge ned enda meir kan konsekvensen vere at dei etter kvart fortrenge området. Gjennom det aktuelle utbyggingsområdet går det ein trekk-korridor for elg. Naturgrunnlaget i området gir godt levegrunnlag for elg, då dei trivst godt i fjellbjørkeskog, med turrabbar og myr.



Figur 8. Viltinteressar

## Skogbruk

Heile området er høgare enn 850 m.o.h. og definert som vernskog. Det er spesielle omsyn som skal leggjast til grunn ved hogst av vernskog. Det er klyngevis mykje lauvskog i området. Dette kan vere aktuelt å nytte til vedhogst, også som eventuelle beitefremjande tiltak dersom arealet ikkje skal byggast ut.



Figur 9. Lauvskog innanfor området.

## Omsynssone landbruk

Ei omsynssone landbruk legg ikkje føringar for kven som kan beite kor, og verkar ikkje inn på beiterettar. Det er privatrettslege forhold, og ikkje relevant i plansamanheng. Ei omsynssone landbruk skal sikre at beite- og landbruksformål skal ha prioritet, og at dette skal takast vare på på lang sikt.

## Vatn og avlaup

For Javnlie-området er det nødvendig med betre løysingar for vatn og avløp (VA), jf. Hovudplan for VVA. I sti- og løypeplan (2022 - 2026) heiter det: *“Kommunen skal etter sin vatn- og avløpsplan opparbeide vass- og avløpsleidning frå Olevatnet til Luskeråsen. Det er eit mål å legge til rette for at denne traseen på enkelte strekningar kan nyttast som gjennomfartstrase til m.a. sykkelbruk til Gravfjellet og Yddin. Vi har ikkje sett det tenleg å foreslå årstal for gjennomføring av desse tiltaka i sti-og løypeplanen sin handlingsdel, då dette er tema ein skal arbeide vidare med i VA-planen og i kommunen sin arealplan. Eventuelle prioriteringar vil vera knytt til gjennomføring av VA-planen.”*

Det har tidlegare vore presentert eit forslag (Figur 10) til fleirbrukstrase mellom Javnlie og Beitostølen. Dette forslaget har møtte stor motstand frå grunneigarar i Hedalsstølen. Om det skal etablerast noko fleirbrukstrase i dette området, og korleis denne ev. kan etablerast samtidig som beiteinteressene vert sikra, må vurderast i samband med framtidig VA-utbygging i området.



Figur 10. Fleirbrukstrasé Javnlie - Beitostølen

## Vurdering

### Alternativ 1: ta ut heile arealet

Både nasjonalt og regionalt har det dei siste åra vore eit auka fokus på klimaeffektar, og det å bygge ned myr/våtmark kjem til å bli strengare i åra som kjem. I arealdelen av kommuneplanen er det teke ut myrareal for å minske nedbygging av myr, og med føresegn som i stor grad forbyr nedbygging av myr, vil ikkje heile området kunna nyttast som utbyggingsareal. Om ein tek høgde for at myrarealet i ein reguleringsplanprosess blir teke ut, er det framleis ein del areal som kan byggast på.



Ei stor utfordring i dag er attgroing i kulturlandskapet. Attgroing i landskapet er ein konsekvens av fleire ting, blant anna varmare klima og mindre beitedyr. Går tal beitedyr ned vil attgroing av landskapet auke.

Ei utbygging av området vil gi negativ konsekvens for beitedyr, og det vil gi potensiale for auka konflikt mellom beitenæring og turistnæring. Det er viktig med god tilgang på beite i nærleik til stølane, og det kan ein oppretthalde ved å tilbakeføre arealet til LNF. Ei utbygging av det om lag 590 dekar store området vil auke trafikken i området, og med det auke potensialet for auka konflikt mellom beiting og anna bruk av utmarka.

I tidlegare vurderingar vart det konkludert med at området hadde beitekvalitetar som tilsa at området kunne innlemmast i ei omsynssone for landbruk. Etter grundigare vurdering meiner administrasjonen at vi treng meir informasjon om faktisk beitebruk og beitegrunnlag før dette området eventuelt vert teke inn i ei omsynssone landbruk. Arealet markert gult i figur 11 vil då verte LNF-areal, og omsynssona vil gå rundt arealet. I området er det varierende beitekvalitet avhengig av kva type beitedyr som nyttar det. Storfe vil kunne utnytte mykje av myrarealet som beite, sjølv om ikkje sauene og geita kan det. Dei andre delane av området som ikkje er myr, kan nyttast av alle. Ved å tilbakeføre arealet til LNF, vil ein i tillegg til det landbruksfaglege, ivareta eit viktig elgtrekk, og det vil generelt sett ha ein positiv verknad for småvilt og storvilt i området.


Dersom kommunen vel å tilbakeføre dette området til LNF-område i revidert arealplan, vil det bli meir utfordrande å få finansiert ei nødvendig VA-utbygging for Javnlie. Med dei føresetnadene som tidlegare er brukt for utrekninga av noverdien av utbygging av hovudleidning VA til Javnlie, vil noverdien av den utbygginga bli redusert med om lag 15 mill. kr. Det vil gje auka VA-gebyr for alle abonnementane. Skal redusert utbygging i Javnlie finansierast ved auka årsgebyr i Javnlie-området, vil årsgebyret for dei framtidige abonnementane i det området auke med om lag 4 000,- pr år (gitt alle andre føresetnader likt).

## **Alternativ 2: Redusere utbyggingsområdet**

Om vi vil halde fram med arealet som framtidig utbyggingsområde, har kommunedirektøren vurdert eit redusert utbyggingsareal, jf. figur 7. Det reduserte arealet er på om lag 222 dekar, og er såleis ca. halvparten av det som i gjeldande plan er avsett til framtidig utbygging.

Ved å redusere utbyggingsområdet til Alternativ 2 vil vi unngå dei store myrområda, og med det redusert dei negative konsekvensane for klima og miljø. Å gå vidare med eit redusert alternativet vil vere meir i tråd med føresegnar i arealdelen, og nasjonale forventningar om reduksjon i nedbygging av myr. Om arealet skal ligge inne som utbyggingsområde, tilrår kommunedirektøren at det vert lagt inn ei føresegn om at det skal gjennomførast naturkartlegging av området før regulering.

Alternativet betyr ikkje at ein fjernar dei negative konsekvensar for natur, miljø og landbruk, men dei blir redusert. Kompenserande tiltak for landbruket må vurderast også i dette tilfellet.



Figur 11. Omsynssone landbruk

## Konklusjon

Vurdering av tema landbruk, kulturlandskap, naturmangfald, klima, kulturminne og friluftsliv viser at det vil vere tenleg å tilbakeføre arealet til LNF-areal. Tilbakeføring av området til LNF-formål vil føre til:

- Bevaring av beiteområde
- Unngå unødig auka konfliktnivå mellom turisme og beitedyr.
- Bevaring av viltkorridor og ha ein positiv verknad for småvilt og storvilt generelt
- Redusert utbygging på myr, som elles ville ha gjeve negative konsekvensar for klima og naturmangfald.

Kommunedirektøren vil på det grunnlaget tilrå at arealet vert teke ut av arealplanen, noko som også vil vera i samsvar med nasjonale retningslinjer ved å lokalisere framtidig utbyggingar til område som allereie er bygd ut og fortette eksisterande hytteområde før ein tek nye område i bruk.

Kommunedirektøren vil tilrå at omsynssone landbruk vert lagd utanfor det aktuelle arealet, som synt i figur 11, og at vi på bakgrunn av betre dokumentert beitebruk og beitekvalitet kan vurdere omfanget av omsynssone landbruk i ein framtidig revisjon av KPA.

Kommunedirektøren har også vurdert eit alternativ der delar av området vert teke ut, men ikkje heile. Det vil langt på veg redusere dei negative klima- og miljøverknadene, og også redusere dei negative verknadene for landbruket. Dersom heile eller delar av området ikkje vert teke ut, vil det området som vert sett av til utbygging bli regulert av føresegna som seier at området må kartleggast for naturtypar m.v. før det kan regulerast og byggast ut.

Notat til KPA

21.11.2024

## Vedlegg 1

